

Slår alarm om vegstubben

21.09.2011



**Reaksjonene er sterke fordi kommunen har lagt på is
i tolvte time planen om å lage gong- og sykkelveg no ved siden av
vegstubben mellom busslomma og skuleområdet.
Difor har styreleiar i Aktivitetshuset Bjørn Olav Tveit innkalla
til pressekonferanse i morgon ettermiddag. Der vil dei stille
mann- og kvinnesterke frå Uskedalen Utvikling, FAU,
Aktivitetshuset og idrettslaget.**

- Vi slår alarm fordi planane er i ferd med å bli lagde på is under ein månad etter at alle ordførarkandidatane sat i huset og omtala kommunens økonomi som svært god, seier Tveit.

Han slår fast at kommunen no er i ferd med å skusla bort ein unik sjanse til å få orden på den trafikkfarlege vegstubben.
Vegen er ikkje stort breiare enn ein personbil og her ferdast myke og' harde trafikantar i uskjønn disharmoni frå tidleg om morgen til langt utpå kvelden, påpeikar Tveit.

-No skal denne vegen gravast opp i samband med vatn- og avlaup og hadde planar om utviding med ein gangveg.
Så langt hadde ein tenkt heilt rett og bygda som er kjent for å ordne det meste sjølv såg fram til å bli tilgodesett med litt trafikksikring, skriv Tveit i innbydinga si til pressekonferansen.

På bildet over, teke inn mot skulen, er skulen slutt for stutt tid sidan.
Gangvegen skulle gått til venstre for gjerdet.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen